

Alver kommune
Postboks 4
5906 FREKHAUG

| | |
|-------------------------|------------------------|
| Dato | 30.03.2022 |
| Vår referanse | 2022/42546-2 |
| Dykkar referanse | 22/1695 - 22/21863 |
| Sakshandsamar | Sigrun Wølstad |
| E-post | Sigrun.Wolstad@vlfk.no |
| Telefon | 96944535 |

Kulturminnefagleg fråsegn - Landbruksveg - gnr. 205 bnr. 1 - Hakseter - gnr. 207 bnr. 3 - Hegertveit - Alver kommune

Vi viser til brev datert 16.03.2022 med ovanfor nemnde sak til fråsegn. Seksjon for kulturarv i Vestland fylkeskommune har vurdert saka som regionalt kulturminnemynde

Vi har i dag ikkje kjennskap til automatisk freda kulturminne eller andre verneverdige kulturminne som kjem i konflikt med det omsøkte tiltaket. Vi har difor ingen avgjerande merknader i saka, utover at ein under opparbeiding av vegen søkjer å unngå inngrep i/skade på eventuelle kulturlandskapstrekk som steingardar, eldre vegar/stiar, bakkemurar, tufter m.m.

Elles gjer vi merksam på meldeplikta etter kulturminnelova § 8, 2. ledd. Dersom automatisk freda kulturminne som gjenstandsfunn, flekkar med trekol eller konstruksjonar blir avdekt under gjennomføring av tiltaket, må dette straks meldast til Vestland fylkeskommune, og alt arbeid stansast til rette forvaltningstyresmakt har vurdert funnet. Slik gransking vil verta utført mindre enn tre dagar etter at vi har fått melding om mogelege funn.

Med helsing

Karoline Hareide Breivik
leiar
KII - Arealplan (Førde)

Sigrun Wølstad
seniorrådgjevar
KII - Arealplan (Førde)

Brevet er elektronisk godkjent og har difor inga handskriven underskrift